

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 10.03.2010



75 % har arbeid i media

- NRK Nynorsk mediesenter sendt ut i verda 55 nynorskpraktikantar og 75 % av dei arbeider i media, 36 i NRK. Sjølv om eg ynskjer at alle skal lukkast må eg i dagens medieverd seie meg bra nøgd med denne "målloppnåinga", seier Magni Øvrebotten.

Etter nyttår har to tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i NRK og heile kull 11 har fått vikariat eller tilkallingskontrakt i NRK. – Men det ymsar mykje i kva grad redaksjonane bryr seg om at NRK-leiinga har vedteke at nynorskpraktikantane og stipendiatane frå NRK FleRe skal reknast som interne søkerar når dei søker arbeid i NRK. Her håpar eg at det snart kjem ei utdjuping av kva det vedtaket inneber, seier Øvrebotten.

NRK Nynorsk mediesenter lyser no ut kull 13 med søkerstid 15. april. Dei fem heldige vert plukka ut i mai og skal starte på opplæringa i Førde 23. august.

- Både oppturar og nedturar



Frå venstre: Astrid Marie Grov(1984), Ingvil Aaen Torpe (1982), Kristin Vestreim (1982), Mari Langva (1986) og Gunn Evy Auestad (1986).

Kull 12 starta på opplæringa ved nyttår og 9. mars byrja dei i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Frå 2. mai til 30. juni skal dei i ekstern praksis, men kvar det blir er ikkje avgjort enno. Dei oppsummerar dei første to månadane slik:

Gunn Evy Auestad:

- Som nynorskpraktikant skal ein lære utruleg mykje på kort tid. Dagane er varierte, og utfordringane er mange. Ein dag er ein ute og lagar radiosak om skogsnæringa i Sogn og Fjordane, ein annan dag er det fjernsynsreportasje om feitetysdag på gamleheimen som står for tur. Kvarden er uføreseieleg, og såleis er det også kort veg mellom nedturane og oppturane. Somme dagar er ein fortvila over at ein ikkje får has på ting, men motløysa er fort gløymt når ein lukkast. Alt i alt kjenner me oss utruleg privilegerte som har fått høve til å få ei så god og praktisk retta innføring i journalistyrket, med nynorsken som språkleg plattform.

Astrid Marie Grov:

- *Dei to første månadene ved mediesenteret har vore både utfordrande og lærerike. Tida har vore full av a-ha-opplevelingar knytt til både radio, TV og nett. No er eg spent på å kome ned på desken for å prøve ut kunnskapane i "den verkelege verda".*

Mari Brente Langva:

- *Dei to første månadane ved Nynorsk mediesenter har vore intensive, utfordrande og utviklende. Det er veldig mykje å lære og sette seg inn i. Dess meir eg lærer, dess meir oppdagar eg kor mykje meir eg har å lære. Samtidig er det godt å ha praktiske øvingar heile tida, slik at eg ser at eg faktisk har ein framgang frå dag til dag. Det er utruleg kjekt å få jobbe praktisk med journalistikken frå dag éin.*

Ingvil Aaen Torpe:

- *Dei to første månadane som nynorskpraktikant har gått fort. Ingen dagar har vore heilt like, og eg har lært veldig mykje. No skal me snart ut i praksis og bli ein ordentleg del av redaksjonen her på huset. Det kjem nok til å kribla litt ekstra i magen første dagen, men eg gler meg veldig!*

Kristin Vestreim:

- *Har hatt to ekstremt lærerike månader med mange utfordringar. Har trivst veldig godt, og gledd meg til å gå på jobb. Syns det har blitt vist tillit til oss, det er fint å vera ein stad der nokon har tru på at du kan klare meir enn det du sjølv trur i utgangspunktet. Dagane har vore svært varierte, også emosjonelt. Har stort sett hatt det veldig bra, men nedturane er der sjølvsagt også enkelte dagar. Trivst elles godt med både lærarar og praktikantar.*

Alle på kull 11 i arbeid



Frå venstre : Mathias Oppedal (1985), Aleksander Vallestad (1983), Sara Myhren Kornberg (1987), Simon Solheim (1990) og Bjørn Ivar Voll (1985).

1. mars var kull 11 ferdige som nynorskpraktikantar. Alle fem fekk halde fram der dei var i praksis, som vikarar eller tilkallingsvikarar. Mathias Oppedal i NRK Rogaland, Aleksander Vallestad i NRK Hordaland, Sara Myhren Kornberg i Norgesglaset på Tyholt, Simon Solheim i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar Voll i NRK Dagsnytt. Her er den siste rapporten frå dei:

Mathias Oppedal: - På dei seks månadane eg har vore på NRK Nynorsk mediesenter har eg fått teoretisk opplæring, praktisk opplæring, faktisk arbeid og meir faktisk arbeid, som gir erfaring. Både i språk og journalistikk. Slikt lærer ein av!

Den siste tida har eg vore i NRK Rogaland. Ein flott plass med mange fine folk. Eg vart med ein gong vist mykje tilitt, og eg har fått prøve meg både som videojournalist og bulletin opplesar. Mindre tilbakemelding frå vaktsjefar i ekstern praksis, enn i den interne, noko som gjer at ein må lære seg å vere trygg på det ein leverer inn. Elles har eg hatt ein god fadder i Magnus Stokka, som har gitt meg fleire tips til korleis ein kan løyse saker, og andre nyttige praktiske tips.

Sara Myhren Kornberg: - Som nynorskpraktikant føler ein seg ikkje berre privilegert, ein er det også. Så mange flinke folk har ausa av sin kunnskap for å lære oss å bli flinke journalistar. Eg har fått gjere ting desse månadane som eg tidlegare berre kunne drøyme om. Til dømes hadde eg for eit år sidan aldri trudd at eg kom til å ha eit innslag i Dagsrevyen. Ein draum har vorte verkelegheit. Eg har aldri tvilt på at det er journalist eg vil vere, og gjennom NRK Nynorsk mediesenter har det no vorte ein realitet.

Eksternpraksisen min har eg hatt i Norgesglasset (NRK P1) på Tyholt . Her har eg fått utforske og eksperimentere med reportasjesjangeren, og eg har laga både seriøse og mindre seriøse saker. Eg har berre positive ting å seie om redaksjonen, og føler at eg har vorte utfordra og behandla som ein vanleg journalist. No har eg fått eit tre månaders tilkallingsvikariat f.o.m. 1. mars, og veit at redaksjonen er nøgd med jobben eg har gjort og opplæringa eg har fått frå NRK Nynorsk mediesenter. Det at eg har nynorsk som hovudmål har eg utelukkande fått positive tilbakemeldingar på, og det er tydeleg at Nynorsk mediesenter blir sett på som eit kvalitetsstempel i journalistmiljøet på Tyholt.

Simon Solheim: - Tida som praktikant i NRK Nynorsk mediesenter har gitt meg meir tyngde og større sjølvtillit i journalistikken enn eg hadde trudd var mogeleg då eg starta på mediesenteret for seks månadar sidan. Dei to siste har eg hatt ekstern praktis i NRK Sogn og Fjordane og fått prøve meg på alle plattformer. Eg har fått kjenne tidspresset på kroppen, og fått tunge, viktige og vanskelege saker å løyse. Eg er takksam for at redaksjonsleiinga har gjeve meg så stor tillit, og at dei har satsa på meg. Eg er veldig stolt og glad for at eg har greidd å klore meg fast i redaksjonen fram til september.

NRK Sogn og Fjordane har vore er ein fin stad å vere, og kollegane har vore med å løfta meg som journalist. Eg har fått jobba med eit vanskeleg graveprosjekt saman med praksisfadder og journalist Eli Eikenæs Vengen - noko som har vore veldig lærerikt. NRK Nynorsk mediesenter var svaret på spørsmålet mitt om eg skulle satse på ei journalistkarriere, eller ikkje. Eg har aldri vore meir sikker på at det er journalist eg vil bli.

Aleksander Vallestad: - Tida som nynorskpraktikant har gått utruleg fort. At det no er over seks månader sidan me troppa opp i Førde for "fyrste skuledag", verkar ikkje sant. Seks korte månader, men eit liv av læring.

Før eg kom til NRK Nynorsk mediesenter, hadde eg aldri laga ein radioreportasje eller tv-reportasje. Men med ei rett-på-sak-haldning frå lærarane våre, var det berre å hoppe i det. Og det er noko av det som for meg kjenneteiknar heile opplæringa, og som gjer den ganske så unik. Få andre plassar kan ein komme på lufta i Noregs største radiokringkastar halvanna veke etter at ein laga si aller fyrste reportasje. Og få andre plassar går ein gjennom to års praktisk pensum på seks månader. "Umogleg" har eg hørt noko seie; krevjande og intenst seier eg.

For meg som har drive med veldig mykje forskjellig dei siste åra, har tida som nynorskpraktikant fungert som ein slags smelteigel som har samla alle mine røynsler og konkretisert dei inn mot yrket som journalist. Eg veit at eg enno berre er i starten, at eg enno er ein fersking, men NRK Nynorsk mediesenter har gjeve meg den beste flygande starten eg kunne fått. Eg er svært takksam for all støtta og opplæringa eg har fått.

Bjørn Ivar Voll: - *Ei oppsummering av tida som nynorskpraktikant er ei nær umogleg oppgåve. Det halve året som har gått sidan første dag i Førde er fullspekka av mykje læring, svært mykje prøving og sjølvsagt noko feiling. Men med dyktige faglærarar, og andre tilsette ved NRK Sogn og Fjordane, samt eit miljø for tilbakemeldingar på det journalistiske handverket, har det gjort reisa som praktikant trygg. Læringskurva har vore bratt. Men når eg ser attende på det me har vore gjennom er det det som skal til når ein kastar fem, meir eller mindre erfarne journalistspire ut på djupt vatn.*

Var spent då eg reiste frå Førde og sette kursen mot Dagsnytt. Kunnskapen, erfaringane og sjølvtilletten eg tok med meg frå fjordfylket har komme godt med. Eg vart teke godt imot, fått tilbakemelding på arbeidet eg har gjort og funne meg til rette i ein ny redaksjon. Og no ser eg kva tida opplæringa ved NRK Nynorsk mediesenter er god for, det gir eit unikt høve til å få ein fot innanfor NRK.

Frå "Norge Rundt" til "Norske røter"



Samina Bruket (1985) var knapt ferdig som programleiar for Norge Rundt før ho vart hyra til ein ny programleiarjobb, for ein ny programserie kalla "Norske røter". Bruket er fast tilsett i NRK Rogaland, men utleigd derifrå til dei som steller med riksprogram i Bergen.

Opptaka er alt i gang og serien skal sendast neste år. Samina sjølv er overlukkeleg, og sidan ho har bachelor i historie er dette eit ekstra interessant stoffområde å arbeide med for henne.

"Norske røter" er ein stor dokumentarserie der vi vandrar i fotspora til formødrer og forfedrar og fortel historia om korleis dei levde. Serien skal heilt tilbake til forteljinga om korleis landet vårt vart befolka av norrøne og samiske folk over ti tusen år, heilt frå istida til vikingtida. Serien skal byggje på spennande kunnskap innan arkeologi og genetikk og blir delt inn i tre episodar: den eldre steinalderen (jegerar og samlarar), yngre steinalder (jordbrukskjem), og til slutt bronse- og jernalderen (medrekna vikingtida som sluttar ca 1050 e.Kr.).

Fast jobb i NRK Super

Ingunn Thon (1986) har nyleg fått fast jobb som produksjonassistent i NRK Super, der ho var i praksis i fjor sommar og fekk eit vikariat etterpå. Hallingjenta Thon gjekk på kull 10 med nynorskpraktikantar.

- *Eg trivst utruleg godt i BarneTV og er veldig glad for å ha fått fast tilsetjing her. I denne jobben blir eg kasta ut i det meste og føler at eg*

lærer noko nytt kvar dag. Eg syter for at alt går som det skal i studio og på LET-opptak, eg driv mykje researcharbeid, er foreldrekontakt og ansvarleg for alle borna som er med og skaffar kostymer og rekvisittar til opptak. Dessutan dukkar eg stadig opp i NRK Super kl.1800, som Turid, høna på garden. Opplæringa eg fekk i NRK Nynorsk mediesenter har gjort meg til den uoffisielle Digas-vakta i redaksjonen, seier Ingunn Thon.



Stor variasjon i kursverksemda



Det ser ut til å bli stor variasjon i kursverksemda denne våren. Kurset "God nynorsk" som slo best an i fjor haust er svært populært også i år. Men frå februar til juni skal vi innom heile spekteret på kurslista vår.

Medietreningskursa våre er framleis populære, særleg hjå "faste kundar" som tingar seg oppfølgingskurs og sender stadig nye tilsette hit for å bli betre rusta til å møte media. Dei har lært at det er enklare å førebu seg til møte med journalistane, enn å prøve å bli kvitt dei.

Når det gjeld kurset **"God nynorsk"**, har det vist seg å møte eit stort behov både i offentleg og privat verksemder. Dette kurset er populært fordi det ikkje berre har fokus på grammatikk, men også på å formidle ein budskap. Kurset er godt likt både av tradisjonelle nynorskbrukarar, men også av folk som har hatt bokmål som hovudmål og no må skrive nynorsk på jobb.



Det nye kurset i **stemmebruk og kommunikasjon** er skreddarsydd for verksemder som møter kundar via telefon, eller offentlege etatar som har oppretta opplysningsstenester for brukarane. I vår er det rettleiarar i Skatteopplysninga på Vestlandet som skal gå dette kurset.

Elles skal vi ha kurs både i journalistisk skriving for Internett, og vi skal delta på beredskapsøvingar for kommunane i Sogn og Fjordane.

- Til no i år er det tinga mest kurs frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Men vi har kontakt med interesserte både i Rogaland og på Austlandet, seier kursansvarleg Wenche Schanke Eikum.

Vi held fram med å skreddarsy kurs for brukarane, og har allereie no starta å føre opp kurs for hausten. Så dersom nokon ynskjer kurs anten i vår eller til hausten, er det berre å ta kontakt. På nettsida vår www.nynorskmediesenter.no finn du meir om kursa våre, kurshaldarane og tilbakemeldingar frå dei vi har kursa.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 1. mars 2010 har vi lært opp 55 nynorskpraktikantar, og 74,6 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 36 av dei er i NRK. Fjorten har fast arbeid i media, tolv i NRK. Ellevi har satsa på anna arbeid/studiar og resten er tilkallingsvikarar/vikarar i media, dei fleste i NRK.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar; i Telemarksavisa, Møre, Drammens Tidende og Sunnmørsposten. Fire er informasjonsfolk; i Datatilsynet, i Stortinget, ved Hålogaland teater og i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, Tekst-TV og NRK.no, Kulturnytt, poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2, i "Nattønsket" og "Norgesglaset" i NRK P1, Juntafilredaksjonen i NRK P3, FBI og Newton i NRK1, NRK Super, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland. På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Ellevte kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre : Mathias Oppedal (1985), tilkallingsvikar i NRK Rogaland, Aleksander Vallestad (1983) vikar/tilkalling i NRK Hordaland, Sara Myhren Kornberg (1987), tilkallingsvikar i Norgesglaset NRK P1, Simon Solheim (1990), vikar i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar Voll (1985) vikar/tilkalling/sommarvikar i NRK Dagsnytt.

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er fast tilsett som produksjonsassistent i NRK Super, Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og snart ferdig med masteroppgåva si i samanliknande politikk. Anna **Gytri** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer administrasjon- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), har reist til England, der han er fast tilsett i ei verksemd som utviklar tv-spel, Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland, men for tida i Bergen som programleiar for ein ny fjernsynsserie kalla "Norske røter". Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt, Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er vikar i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærar i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsrådgjever i Datatilsynet, Eline Buvarp **Aardal** (1984) studerer russisk i Kviterussland, men vil attende til journalistikken til sommaren. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist for Sunnmørsposten og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheter og tek mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider som lærar i spansk og engelsk i Sørum kommune, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona **Vetrhus** (1975) er programleiar for poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar som reporter og reportasjeleiar i NRK Dagsnytt og Inger **Tveito** (1985) arbeider ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar, Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, der ho er programleiar for "Nattønsket". Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Bergen og Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønsteboe **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa og Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for Newton i NRK1, og fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og arbeider i forbrukarprogrammet FBI, og Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett i avisas Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og for tida vaktsjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet Juntafil. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nyorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nyorskmediesenter.no